



Forsvarsdepartementet
Postboks 8126 DEP
0032 OSLO

Vår ref:

Sak: 21/4756 JpID: 21/37203 Sbh: HMU

Dykkar ref.

Dato:

13.12.2021

Uttale til høring om forskrift om skyte- og øvingsfelt i sjø.

Stad kommune viser til motteken høring av forskrift om skyte- og øvingsfelt i sjø.

Med bakgrunn i ei utvikling mot større interessekonflikter i sjøområda vil Forsvarssektoren sikre sine skyte- og øvingsfelt innanfor ramma av sektorregelverket, gjennom å forskriftsfeste skyte- og øvingsfelt. Forslaget inneber skyte- og øvingsfelt langs store delar av Norskekysten, men råkar ikkje direkte Stad kommune sitt areal.

Stad kommune har det største linebåtrederiet i Noreg i fangstverdi. Her er fartøy tilhøyrande både havfiske- og kystfiskefartøygruppene, og fiskeri er ei viktig næring i kommunen.

Fiskeflåten som er heimehøyrande i Stad kommune har heile Norskekysten som fiskeområde. Det er difor særst viktig for kommunen at det vert teke omsyn til fiskeria langs kysten ved endeleg vedtak av forskrift om skyte- og øvingsfelt i sjø.

Vi ynskjer å difor å stille oss bak uttala frå Sogn og Fjordane Fiskarlag til denne forskrifta om skyte- og øvingsfelt i sjø.

Uttala er vedlagt i sin heilskap.

Med venleg helsing

Hanne Marie Utvær
rådgjevar lokal samfunnsutvikling

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Ver venleg å oppgje referansenummer 21/37203 dersom du tek kontakt med oss.

Vedlegg:

20212911.24.Høring - Skyte- og øvingsfelt

1464320

06.12.2021